



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Referent	Tlf.	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Torill Slåke	982 98 302	2023/629-4	«REF»	28.11.2023

MØTEREFERAT

Tid og stad: 27.11.2023 kl 12.00 - Rådhuset, Rosendal

Til stades: Stine Hatteberg – Rosendal Bygdelag, Hans Olav Leganger – Leganger Maskin AS,

Frå kommunen: Terje Natland – Veg og Park, Kristian Helgesen – Idrett/folkehelse/kultur

Natalie M. Sæberg og Torill Slåke - Byggesak og geodata

Saker: Førespurnad opprusting av turveg i Svartedalen, Rosendal

Historikk i saka:

Det vart sendt førespurnad til kommunen 15.02.2023 med skildring av prosjektet. Det vart då bedd om eit møte med kommunen. Kommunen svara 20.02.2023 at Byggesak og Sektor for Miljø og teknikk kunne vera med på eit møte, og at det var viktig at Vestland Fylkeskommune gav uttale. Bygdelaget skulle ta kontakt etter dialog med fylkeskommunen.

Stine Hatteberg informerte om at det tidlegare har vore gjort forsøk på å utbetra stien, og Turnlaget hadde dokumentasjon på dette tilbake til 1989. Hatteberg har og sendt over førespurnaden til fylkeskommunen utan at ho har fått noko tilbakemelding frå dei. Ho viste og til retningsliner i Markaloven og vurderingar som er gjort der.

Tidlegare i år vart det halde eit stibbyggarkurs der 80 meter av stien vart utbetra, dette vart gjort i regi av Nasjonalparkstyret for Folgefonna nasjonalpark.

Det vart då gjort munnlege avklaringar med fylkeskommunen/statsforvaltaren i Vestland, slik at kurset kunne gjennomførast.

Det som gjer at saka hastar no er at Nasjonalparkstyret har resterande midlar (kr. 200.000,-) som vil bli trekt tilbake dersom dei ikkje vert nytta før utgangen av 2023.

Rosendal Turnlag / v turgruppa har og gitt tilsegn om kr. 50.000,- til prosjektet.

Dette vil rekka til utbetring av om lag 200 meter av stien. På grunn av hastverk for å få finansiering er det ønskeleg å starta opp arbeidet straks. Ein søknadsprosess vil ta for lang tid og då vil midlane gå tapt.

Dersom det ikkje vert mogleg å gjennomføra prosjektet nå, og det viser seg å vera søknadspliktig, vil ikkje Rosendal Bygdelag ta del i prosjektet vidare.

Hans Olav Leganger skisserte litt om korleis arbeidet kunne gjennomførast og viste til prinsippsskisser innsendt tidlegare. Ein ynskjer å leggja dreneringsrøyr i botn av stien, og leia vatnet ut i eksisterande bekker. Det er mogleg å utføra dette utan at murane på sidene vert råka. Det er gode argument for å utbetring av stien, vatnet som nå renn i stien kan undergrava murane, det veks og store tre i murane som kan skada dei. Han hadde høve til å utføra arbeidet, men meinte at det skulle vera avklara med nødvendige løyve før arbeidet starta.

Byggesak og geodata informerte om at tiltaket inkludert det utførtearbeidet krev søknad om tiltak etter plan og bygningsloven § 20-4, (evt. § 20-3,) med naudsynt dokumentasjon, nabovarsling og avtale med grunneigarane som vert råka av tiltaket. Sidan det er oppgradering av eksisterande sti/veg vil dette ikkje krevja dispensasjon frå arealføremålet LNFR på staden. Markaloven er berre gjeldande i Oslo-området. Området er rasutsett, her er gjort faresonekartlegging. Det må gjerast ei vurdering av om auka tilgjenge av personar vil medføra at det må gjerast tiltak. Det må gjerast greie for i søknaden kor stor del av traseen dette utgjør.

Søknaden må sendast til Vestland fylkeskommune for uttale. Tiltaket ligg innanfor KULA område, og alle tiltak innanfor området må sendast på høyring. Sidan historikken i saka viser at stien og steinmurane var eit kulturminne verdt å ta vare på, og at vassleidningen gjennom Svartedalen måtte leggest lengre opp i lia då den vart bygd.

Terje Natland var samd i at det måtte til ein ryddig avklaring på ting før ein kunne setja i gang arbeidet. Han kunne evt. vera med på ei synfaring i området.

Kristian Helgesen meinte det var veldig bra at dei tok kontakt med kommunen før arbeidet vart sett i gang. Han forsto at dette med midlane som kunne gå tapt var uheldig, men viste til at det var mogleg å søkja om nye midlar gjennom t.d. kommunalt kulturtilskot. Alternativt kan heile traseen frå Rosendal til Nuten inngå, med ulike tiltak langs strekninga. Då vil prosjektet koma inn under ordninga med å søkja om spelemiddel. Det vil og vera mogleg å søkja om pengar frå ulike stiftingar.

Kommunen oppsummerte med at tiltaket er svært positivt og at utbetringa vil vera til nytte både for turfolk og fastbuande, men at det er vanskeleg å få gjennomført ein søknadsbehandling på den korte tida som er igjen før nyttår, når uttalefristen er 4 veker. Det er viktig at prosjektet vert teke vidare, og at kommunen får inn ein søknad som kan behandlast før arbeidet vert sett i gong.

Torill Slåke
Fagkoordinator byggesak

Kopi til:**Natalie Martins Sæberg****Terje Natland****Kristian Helgesen****Rosendalsvegen 10****Rosendalsvegen 10****Rosendalsvegen 10**